



SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE INNKJØPSFORUM
BØMLO FITJAR KVINNERAD STORD TYSNES

Hordaland fylkeskommune
Sekretariat for kontrollutvalet
Postboks 7900
5020 BERGEN

Stord 09.11.16

MELDING OM VAL AV LEVERANDØR – SEKRETARIATENESTER FOR KONROLLUTVAL

Det vert vist til innsendt tilbud.

Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum har gjennomført ein anbodskonkurranse om kontrakt på sekretariattjenester for kontrollutvala i kommunane Stord, Fitjar og Tysnes.

Kommunane Bømlo og Kvinnherad var med på konkurransen med ein opsjon på å tiltre ved behov.

Tilbudsfrist var 14.07.2016.

Det kom inn eit tilbud.

Tilbydar leverte eit ryddig og godt oppsett tilbud. Tilbydar har heller ikkje teke atterhald til nokon pkt. i anbodskonkurranse.

Tilbydar var kvalifisert i samsvar med konkurransegrunnlaget pkt. 8.1.Kvalifikasjonskrav. Tilbydar har også levert utfylt prisskjema i samsvar med konkurransegrunnlaget, og har skildra korleis ein vil gjennomføra oppdraget for kommunane på ein god og tilfredsstillande måte.

Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum har på bakgrunn av dette rådd til ordførarane i kommunane Stord, Fitjar og Tysnes at dei innstiller til kommunestyra at kommunen inngår kontrakt med Hordaland fylkeskommune for perioden 01.01.2017 til 30.07.2020 med opsjon på ytterlegare 2 år.

Innstillinga har vore handsama av kontrollutvala i desse kommunane, og dei har også rådd til at kommunane inngår kontrakt med Hordaland fylkeskommune som skildra ovanfor.

Før kontrakt kan signerast, må alle kommunestyra gjere vedtak om å inngå kontrakt med Hordaland fylkeskommune på sekretariattjeneste for kontrollutvalet i kommunen.

Med helsing

Marianne P. Fjeldstad
innkjøpssjef

Helge Drange
konsulent

Brevet er elektronisk signert og har difor ikkje signatur